




# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 1

Mars 2024

67. årgang



Påskesol

Foto: Sølvi Randal, april 2023

**REDAKTØR: Kyrkjevevja**

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik  
Tlf. 970 44 591. [is299@kyrkja.no](mailto:is299@kyrkja.no)

**REDAKSJON: Anne R. Tveit**

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik  
482 28 353. [annetveit46@gmail.com](mailto:annetveit46@gmail.com)

**KORREKTUR: Marit Sandal****BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

Merk med gåve til kyrkjelydsbladet.  
VIPPS: 706144.

**TRYKKERI:**

ETN Grafisk, 3701 Skien

**SOKNEPREST:**

Øystein Skauge, vikarprest.

Tlf. 900 51 359.

[oystein.skauge@gmail.com](mailto:oystein.skauge@gmail.com)

**KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes**

Tlf. 970 44 591. [is299@kyrkja.no](mailto:is299@kyrkja.no)

Fri fredag.

**KONTORSEKRETÆR:**

Margrethe Skåden, Tlf. 481 20 586  
[ms859@kyrkja.no](mailto:ms859@kyrkja.no). Kontor tysdag og  
torsdag.

**Felles e-postadresse til kontoret:**

[post.gulen@kyrkja.no](mailto:post.gulen@kyrkja.no)

**ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,**

5966 Eivindvik. Tlf. 909 84 617

[pj847@kyrkja.no](mailto:pj847@kyrkja.no)

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/  
FELLESRÅD: Leiar:**

Bodil Bjørlo Takle, tlf. 481 74 449  
[bodil.bjorlo.takle@eninvest.net](mailto:bodil.bjorlo.takle@eninvest.net)

Nestleiar: Åse Haugen,  
tlf. 482 50 014 [haugena@online.no](mailto:haugena@online.no)

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK:** *Kyrkja i Gulen.*

**Redaksjonen:**

Neste nummer av bladet kjem i juli.

Innsendingsfrist: 1. juni. God påske!

**Prestetenesta**

Frå påske og fram til sommaren vert prestetenesta dekkja av vikarar, då palmesøndag er siste oppsette gudsteneste med vikarierende sokneprest Øystein Skauge. Stillinga som sokneprest blei lyst ut på nyåret, og det var to søkjarar. Vi er no inne i ein tilsetjingsprosess, og det er godt håp om å få tilsett ny sokneprest.

Frå 1. januar er det ikkje lenger bispedømerådet som tilset, men ei tilsetjingsnemnd der blant anna leiar frå soknerådet, prosten og tillitsvald frå prestane er med. Soknerådet, her Gulen kyrkjelege råd, har gitt uttale. Tilsetjinga skjer 14. mars.

*Ingunn Sognnes*

# Daggry

*Andakt av Øystein Skauge*

Daggry. I denne korte timen der sola viser seg, og skaparverket litt etter litt stig ut or skuggane, skal kvinner gje seg i veg mot gravstaden utanfor Jerusalem. Også tankane deira er sveipte i skuggar. Kjenslene deira er frynsete av sorg. Augo er såre av gråt, og av netter nesten utan søvn.

Dei er ikkje trusheltar. Dei er trøytt, sørgjande, fortvila.

Dei rakk å vere med å leggje Herren Jesu kropp i grav før sabbaten gjorde ende på den lange fredagen.

Det vart inga kvile for dei gjennom helga. Berre sorg. Og så eit besøk i dei innerste skaprokane der den veluktande olja var gøymd. Den som berre skulle brukast når døden gjesta huset.

Døden, i si mest brutale form, hadde røva Jesus frå dei. Kunne det verte lys over livet deira igjen?

Daggry over Jerusalem. Kvinnene steig inn i grava med sine oljar og med sine tårer.

Aldri har dagen hatt meir lys i fanget enn ved dette morgongryet. Ikkje sidan skapingsdagen. Slik Gud skapte lyset i opphavet, slik skapte han livet på ny ved dette daggryet. Or dødens uløyselege knute hadde Gud løyst banda som heldt Jesus i grava.

Frå livets lyse kjelde, som lys som skin gjennom diamant, steig bodberarane fram i daggryet med ein bodskap som aldri før hadde gjeve mening: Den levande – den kroppen

som var lagd i grava, tømt for blod og med knuste bein, med naglehol, spydhol og torturmerke i panna, denne døde menneskekroppen var no den levande. Jesus var ikkje lenger blant dei døde.



Dagen grydde for kvinnene.

Dei hugsa orda som den levande hadde tala. Ord om lidning, død og oppstode. Dei kunne neppe ta inn over seg dei fulle konsekvensane av denne soloppgangen over alt liv. Men over deira sinn lysna det nok til at vegen heim att frå ei tom grav vart leikande lett å springe. Dei måtte tale med dei andre. Framfor alt med dei elleve.

Daggry over vestlandsk kystlandskap enno ei påske. Frå fjella i aust ser vi solstrålane frå det høge leike seg ned mot fjordar og holmar. Over bygdene våre. Her bur kvinner. Her bur menn. Her bur det born og unge.

Vi må skunde oss og løfte ansikta mot lyset. Vi jublar for skaparen av påske-sola, guddommen bak lyset, han som var før tida, og som sende Jesus og let han døy. For å bryte mørket i dødsriket. For å nedkjempe dødskrefter og for å bryte gravlenkjer.

Mørket i oss, syndemørket, skal få himmellyset over seg. Det skal lysne i

våre liv. Eit lys av tilgjeving. Eit skin som blenkjer med håp om liv bak graver, og frelse når døden har henta oss. Også då skal vi vente på daggry. Det evige morgonlyset som ikkje skal slokne. Der skal den levande sjølv lyse for alle som trur.

*Øystein Skauge.*



*Foto: Øystein Skauge*

I østen stiger solen opp,  
den spreder gull på sky,  
går over hav og bergetopp,  
går over land og by.

Den kommer fra den fagre kyst  
hvor paradiset lå,  
den bringer lys og liv og lyst  
til store og til små.

Den hilser oss fra livets hjem,  
hvor størst Guds lys opprant  
med stjernen over Betlehem,  
som Østens vise fant.

Og med Guds sol utgår fra øst  
en himmelsk glans på jord,  
et glimt fra paradiset kyst,  
hvor livets palme gror.

Du solers sol fra Betlehem,  
ha takk og lov og pris  
for hvert et glimt fra lysets hjem  
og fra ditt paradisi!

*(Nr. 795 i Norsk Salmebok)*

## Samtalegudsteneste for konfirmantane

Laurdag 17. februar møttest 20 ungdommar og tre konfirmantleiarar til konfirmantundervisning og samtalegudsteneste i bedehuset på Byrknes. Me hadde to timar undervisning med Solundpresten Bjørn Magne Hansen før me blei servert nydeleg pizza av Mjømna sokn v/Mina og Anne. Etter lunsjen førebudde konfirmantane seg til samtalegudstenesta. Alle konfirmantane hadde oppgåver i gudstenesta, alt frå lesing av tekst, prosisjon og lystenning til utdeling av salmebøker og opprydding. Det blei ei veldig fin gudsteneste med godt oppmøte. Etter gudstenesta fekk me servert kaffi og gode kaker av soknet. Me hadde ein flott dag i lag, og blei svært godt mottekne av Mjømna sokn. No ser me fram til konfirmantfestivalen i Knarvik 6. april, der alle konfirmantane i Gulen og Nordhordland møttest.

*Maren Daa Eide*



## Konfirmantar 2024

### MJØMNA KYRKJE:

Laurdag 27.04. kl. 11.00.

#### Konfirmantar:

Kristian Hjartholm  
Josefine Jensen  
Zara Samira Braathen Kirca  
Henrik Einebærholm Larsen  
Isabell Larsen  
Mathilde Birknes Molland  
Sigurd Sørhaug  
Ada Dorthea Wilberg

### GULEN KYRKJE:

Laurdag 04.05. kl. 11.00.

#### Konfirmantar:

Maria Iversen Bergetun  
Christina Brudevoll  
Emilie Thune Hantveit  
Rune Wesenlund Hjørnevåg  
Malin Håvåg Husevåg  
Jakob Leknes  
Tilde Sofie Midtbø  
Aina Isabelle Dilidili Sandhåland  
Emma Birkeland Skuggedal  
Even Birkeland Skuggedal  
Benjamin Villanger Henriksbø  
Jimmi-André Vold-Birkeland  
Aurora Skogen Westervik

### BREKKE KYRKJE:

Laurdag 11.05. kl. 11.00.

#### Konfirmantar:

Oskar Hauge Asheim  
Malin Haugland  
Liv Marit Oppedal  
Adrian Hjartholm Ottesen  
Sander Svartemyr Virkesdal

## Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon 2024

Fasteaksjonen 2024 blir arrangert i veka før palmesøndag, 18.-22 mars.

*Ta godt imot konfirmantane som kjem på døra di med innsamlingsbøssene desse dagane!*

Temaet for årets aksjon er «Håp i ein drope vatn».



Nesten 800 millionar menneske lever utan tilgang til reint vatn i verda i dag, på grunn av jordskjelv, tørke, flaum, krig eller konflikhtar.

Kirkens Nødhjelp jobbar med akuttbistand i katastrofar, og med langsiktige prosjekt for å redusere naud og fattigdom i verda. Dei jobbar for fred og rettferd, og for å redde liv.

I fasteaksjonen blir det samla inn pengar til dette livsviktige arbeidet, med særleg fokus på tilgangen til reint vatn og dei enorme ringverknadene dette har for eit menneske.





# Årsmelding for Gulen kyrkjelege råd og fellesråd 2023

## Meir himmel på jorda

Den norske kyrkja er ei vedkjennande, open, tenande og misjonerande folkekyrkje, som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus.



Eit nytt år er blitt gammalt, over natta. Det er tid for å gjere opp status, og spørje seg: Kva fekk vi til i 2023? Greidde vi å nå måla våre og vere den kyrkja for folk flest som vi ynskjer? Kyrkja for den enkelte skal opne rom for tru, vere der livet vert levd, og vere ei kyrkje for fleire. Korleis greier vi å løyse dette? I Gulen har vi ein liten stab, men med mange flinke frivillige som støttar opp og bidreg på ulike måtar. Nokre sit i rådet og er med på å bestemme og ta avgjerder, nokre er med og førebur og gjennomfører gudstenester, andre stiller på ryddedugnad på gravplassen eller i kyrkja, og atter andre køyrer konfirmantane rundt for å samle inn pengar til Fasteaksjonen. Har du tenkt på at det du og andre frivillige gjer, er på å

fremje gode verdiar og på å bygge eit godt samfunn i Gulen?

Vi snakkar ofte om at avstandane er store, busetnaden er spreidd, folk kjem seg ikkje til kyrkje osv. Men når mange bidreg litt, så blir det til saman større enn om ein står åleine.

Rammene vi har for å vere kyrkje, er gitt, men vi skal fylle dei med innhald. Ei levande og nærverande folkekyrkje som er der for folk flest både i kvardag og helg, i sorg og glede. Då kan det bli litt meir himmel på jord.

*Ingunn Sogtnes, kyrkjevevjerje*

## Kyrkjevalet 11.09.23

11. september var det kyrkjeval, med val på nytt kyrkjeleg råd (sokneråd) i Gulen. På same dagen som valdagen for kommune- og fylkestingsvalet kunne medlemmar i Den norske kyrkja stemme på kven som skulle sitje i Gulen kyrkjelege råd og i sokneutvala. Samtidig var det val på nytt bispedømeråd, og dermed også på kven som skulle vere representantar på Kyrkjemøtet, som ofte blir kalla kyrkja sitt storting.

Før valet blei det søkt om å få halde fram med eitt felles sokneråd som permanent ordning, og søknaden blei innvilga av Bjørgvin bispedøme i januar, i god tid før valet. Det blei valt nominasjonsnemnd i kvart av dei tre sokna, og Gulen kyrkjelege råd var valstyre. Med denne ordninga er kvart sokn ein valkrins, og dei to kandidatane med flest stemmer, blei med-

lemar i Gulen kyrkjelege råd, dei tre neste varamedlemar, medan alle på lista inngår i det lokale sokneutvalet.

## Digital førehandsrøysting og opplutning om valet

Valdeltaking	Antal stemmeberettiga	Valdeltaking i %	Digital førehandsrøysting
Brekke	373	23 %	6 %
Gulen	846	21 %	5 %
Mjømna	322	23 %	5 %

Når det gjeld val til nytt bispedømeråd, så var opplutninga ein del lågare, då mange berre avga stemme til soknerådvalet.

## Råd og utval



*Gulen kyrkjelege råd dei 4 siste åra. Frå venstre: Ingunn Sognnes, kyrkjeverje, Mina Andreassen, Haldis Steine, Anne Evjenth Ytreøy, Åse Haugen, Herfinn Takle (vara for Einar Takle) og Kåre Krakhella. Foto: Øystein Skauge*

Det har vore 8 møte i Gulen kyrkjelege råd/fellesråd, og det er til saman handsama 39 saker. To av møta var knytte til kyrkjevalet, og i desse møta har ikkje kommunal representant vore med. Det er oppnemnt eit arbeidsutval som består av leiar, nestleiar, prest og kyrkjeverje. Arbeidsutvalet blir i hovudsak brukt til

kontakt via mail, med utveksling av synspunkt og orientering om spørsmål som treng ei rask avklaring.

Administrasjonsutvalet har bestått av tre frå felleusrådet og to frå dei tilsette: Kåre Sigurd Krakhella, Åse Haugen, Mina Andreassen, Margrethe Skåden (permisjon til 01.04.23) og Peter Jobbagy.

Frå 1. november består utvalet av Bodil Bjørlo Takle, Åse Haugen og tilsettrepresentant Margrethe Skåden. Det har ikkje vore møte i utvalet i 2023.

### **Medlemar og vara i Gulen kyrkjelege råd og felleusråd 2023:**

<b>Sokn</b>	<b>Medlem</b>	<b>Vara</b>
<b>Brekke, til 01.11</b>	Kåre Sigurd Krakhella Einar Takle	Jan Even Østerbø Herfinn Takle Olaug Tveit Evensen
<b>Frå 01.11</b>	Bodil Bjørlo Takle Jan Helge Kristensen	Johnny Leidvin Langvatn Renate Sætre Line Sætre
<b>Gulen, til 01.11</b>	Åse Haugen Haldis Steine	Elin Systad Lihaug Eirik Halsnes Kjersti Anne Utvær Nordgulen
<b>Frå 01.11</b>	Åse Haugen Magny Eggum Berg	Odd Harald Eide Halvor Langeseth Brosvik Sigrun Haveland
<b>Mjømna, til 01.11</b>	Anne Kristine Evjenth Ytreøy Mina Cathrin Dahl Andreassen	Bente Iren Haugen Sølvi-Ann Oddekalv Arve Mjømen
<b>Frå 01.11</b>	Anne Kristine Evjenth Ytreøy Mina Andreassen	Sølvi-Ann Oddekalv Bente Iren Haugen Erene Oddrun Wilberg
Geistleg representant til 01.08	Per Børge Hillestad	Bjørn Magne Hansen
Geistleg representant frå 01.08	Øystein Skauge	Bjørn Magne Hansen
Kommunal representant i GKF	Odd Harald Eide, etter kommunevalet Nils Inge Ynnesdal	Ingolf Wergeland

Av dei faste, folkevalde medlemmane i rådet er det 33 % menn og 67 % kvinner fram til 01.11., deretter er det 17 % menn og 83 % kvinner.



## Tilsette i Gulen kyrkjelege fellesråd

Tilsette	Stilling	storleik
Ingunn Sognes	Kyrkjeverje	80 %
Margrethe Skåden	Kontorfullmektig, tilbake frå permisjon 01.04	40 %
Kenneth Kidøy	Prosjektmedarbeidar/sekretær til 01.04, deretter 20 % i april og mai	50 %
Peter T. Jobbagy	Organist	60 %
Peter T. Jobbagy	Kyrkjelydspedagog	26 %
Peter T. Jobbagy	Kyrkjetenar Mjømna	14 %
Astrid Øie Tveit	Kyrkjetenar Gulen	17 %
Randi Trædal	Kyrkjetenar Brekke	14 %
Aage Olav Sandal	Klokkar fram til 1.08.	5 %

Maren Daae Eide er blitt innleigd i ca. 10 % til konfirmantarbeidet, på timebasis. I tillegg er også Eirik Halsnes leigd inn på timebasis, og inngår i konfirmantteamet. Konfirmantkullet som starta opp hausten 2023, har hatt fleire helgesamlingar, og det har vore nødvendig med meir innleige for å få kabalen til å gå opp, då Gulen frå hausten av ikkje har hatt fast tilsett sokneprest. Maren har i denne perioden bidrege med meir administrering og tilrettelegging, og noko av dette er blitt dekkja inn av bispedømet.

Fram til 01.04 var det 2,66 årsverk, utført av 3 kvinner og 3 menn. Etter 01.04 var det 2,56 årsverk, med 4 kvinner og 2 menn fram til 01.08, då Aage Sandal slutta som klokkar, og resten av året var årsverka på 2,51 %. Det er ei ganske jamn fordeling på kvinner og menn året sett under eitt. I tillegg kjem soknepreststillinga på 100 %. Etter at Per Børge Hillestad slutta 1.august, blei Øystein Skauge

tilsett som vikarprest i 60 %, resten har blitt dekkja av Torbjørn Sæle, sokneprest i Masfjorden, og sokneprest i Solund, Bjørn Magne Hansen. Det er Bjørgvin bispedøme som er arbeidsgjevar for prestane, og proststen har ansvar for å syte for at prestenesta fungerer. Det har ikkje vore sjukmeldingar ut over arbeidsgjevarperioden.

Klokkartenestene i Brekke og Mjømna blir utførte av frivillige, og frå 01.08 gjeld dette også for Gulen. Klokkar Aage Sandal slutta etter lang og tru teneste som klokkar i over 40 år, takk for innsatsen!



## Gudstenester og kyrkjelege seremoniar *Tal for 2022 i parentes*

Sokn	Antal gudstenester totalt	Antal fram-møtte	Snitt pr. gudsteneste	Antal konfirmererte	Antal døypte	Vigsler	Gravferder
Mjømna	19 (21)	810 (877)	42 (41)	4 (3)	5 (7)	2 (1)	9 (7)
Gulen	25 (25)	1357 (1653)	54 (66)	8 (17)	13 (6)	2 (1)	10 (16)
Brekke	21 (17)	975 (727)	46 (42)	6 (5)	5 (4)	0 (2)	6 (4)

Samanlikning mellom to år kan gje litt urettmessige utslag.

Når det gjeld Brekke, så kan noko av forklaringa på auken på frammmøtte vere auken i antal gudstenester, men også at gudstenesta med påfølgjande konfirmantfest i år var for heile konfirmantkullet med føresette. Uansett er det gledeleg at besøket har auka, og at det i snitt har vore 46 personar på kvar gudsteneste. Når det gjeld Gulen, så var konfirmantkullet halvparten av året før, noko som verkar inn på tala, men det er uansett ein reell nedgang og færre pr gudsteneste, frå 66 i 2022 til 54 i 2023.

I Mjømna er det nedgang i antal gudstenester, men snitt pr gudsteneste er om lag det same som året før, og ligg på 42 personar.



Når det gjeld antal dåp, så har det auka, og det er svært gledeleg at føre-

sette kjem til kyrkja for å døype barnet sitt.

*Fotoet nede til venstre er frå ei dåps-samtale på tunet hjå Eirik Fosse og Suzanne Gausereide Bauge, med dåpsbarnet Elena Fosse.*

*Foto: Øystein Skaug*

### Trusopplæring

Når det gjeld trusopplæringa, så er det gjennomført hausttakkefest med utdeling av Mi kyrkjebok til 4- og 6-åringar i alle kyrkjene.

Det har vore tårnagentsamling i Brekke, og Lys vaken på Mjømna. Utdelinga av CD til 2-åringane har blitt erstatta med bok.

Det er gitt eitt årsabonnement av søndagsskulebladet Barnas til 6-åringane, og alle 6-åringane som er registrerte i medlemsregisteret til kyrkja, får tilsendt bladet.



Har DU lyst til kome å vere med på søndagsskule?

Det er starta opp søndagsskule i Ei-vindvik, noko som er svært gledeleg. På Mjømna er det starta barnekor i

samarbeid med Byrknes bedehus, der dei har øvingane sine.

Konfirmantfesten i Brekke bedehus blei svært vellukka. Det var god oppslutnad både frå konfirmantane og foreldra.

For å få desse tiltaka til å fungere godt er vi heilt avhengige av at frivillige stiller opp lokalt, anten det er foreldre, besteforeldre, sokneutval eller andre i bygda, i tillegg til dei tilsette i kyrkja. Og takk til bedehusstyra både i Brekke og på Byrknesøy for ikkje berre utlån av bedehus, men også for tilrettelegging og servering.

## Konfirmantarbeidet

*v/Bjørn Magne Hansen*

I juni var det informasjonsmøte for konfirmantar og føresette for komande konfirmantår.

Undervisninga tok til i september, med presentasjonsgudsteneste i alle dei tre kyrkjene.

Dette året er det til saman 26 konfirmantar: 8 i Mjømna sokn, 13 i Gulen sokn og 5 i Brekke sokn.

Sidan soknepreststillinga no er ledig og det er vikar i 60 %, har ein lagt om konfirmantopplegget noko, slik at soknepresten i Masfjorden, Torbjørn Sæle, og soknepresten i Solund, Bjørn Magne Hansen, deler ansvaret for undervisninga.

I staden for 6 undervisningsdagar, slik det har vore dei siste åra, er det dette året 4 litt lengre undervisningsdagar, tre hausten 2023 og éin vinteren 2024. I tillegg er det planlagt nokre sosiale samlingar vinter/vår 2024.

Laurdag 7. oktober var konfirmantane med på ei ungdomshelg i Hyllestad, og 25. november var det lysmesse med alle konfirmantane i Gulen kyrkje.



*Arkivfoto frå lysmessa i 2022.*

Maren Daae Eide og Eirik Halsnes er òg med dette konfirmantåret, og er flotte ressursar i konfirmantarbeidet. Maren har det meste av kontakten med konfirmantar og føresette, medan prestane har ansvaret for undervisninga og gudstenestene, med Maren og Eirik som medarbeidarar. Slik opplevest det at konfirmantarbeidet høver ganske godt, sjølv når ein for tida ikkje har fast prest i Gulen.

## Sokna

Kvart sokn har eit sokneutval.

Det er ikkje eit formelt organ, men er viktig for å vere nær den einskilde i kyrkjelyden og bidra i det kyrkjelege arbeidet, samtidig som ein har kontakt inn mot Gulen kyrkjelege råd (GKR). Sokneutvala har blant anna oppgåver som kyrkjevertar, tek på seg dugnadsarbeid og kjem med innspel til GKR. Etter kyrkjevalet 11. september er det endringar i samansetjinga av sokne-

utvala. Ny periode starta 1. november, og er gjeldande i fire år, fram til neste val.

Sokneutval	
Brekke, fram til 1.november	Kåre Sigurd Krakhella, leiar, Olaug Tveit Evensen, nestleiar, Einar Takle, Jan Even Østerbø, Herfinn Takle, Synnøve Bjordal Giil, Marit Sætre, Berit Tveit Solheim, Grethe Brekken Oppedal
Frå 1.nov	Renate Sætre, leiar, Bodil Bjørlo Takle, Jan Helge Kristensen, Johnny Leidvin Langvatn, Line Sætre, Inger Marie Håheim Tynning, Per-Arne Breidvik
Gulen, fram til 1.nov	Åse Haugen, leiar, Haldis Steine, Elin Systad Lihaug, Eirik Halsnes, Kjersti Anne Utvær Nordgulen,
Frå 1.nov	Heidi Rosseland-Fjærestrand, leiar, Åse Haugen, Magny Eggum Berg, Odd Harald Eide, Halvor Langeseth Brosvik, Sigrun Haveland, Kari Hella Furnes, Laila Margaret Kjelby.
Mjømna, fram til 1.nov	Bente Iren Haugen, leiar, Anne Evjenth Ytreøy, Mina Andreassen, Sølvi-Ann Oddekalv, Arve Mjømen, Erene Oddrun Wilberg, Heidi Rosseland*, Gunnlaug Oddny Birknes. <i>*Overgang til Gulen sokneutval</i>
Frå 1.nov	Anne Evjenth Ytreøy, leiar, Mina Andreassen, Sølvi-Ann Oddekalv, Bente Iren Haugen, Erene Oddrun Wilberg, Caroline Sivertsen Einebærholm, Gunnlaug Oddny Birknes, Arve Harald Mjømen, Evy Marie Unneland.

## Brekke sokneutval

v/Renate Sætre

Ei av dei viktigaste oppgåvene er å vere kyrkjevertar, noko vi føler at kyrkjegjengarane set stor pris på. Det er også sokneutvalet si oppgåve å organisere fasteaksjonen. Ettersom det minkar med konfirmantar i Brekke, tok sokneutvalet på seg å gå med bøssene i nokre av dei ti rodene soknet er delt inn i. Slik blei det ikkje meir enn éi rode for kvar konfirmant.



Foto: Kåre Krakhella

Vi gjennomførte dugnad rundt kyrkja i byrjinga av mai i lag med bygdekvinnelaget. I vår fekk vi også måla inngangsdørene i kyrkja og bårhuset. Det var kjekt å få dei raude og skinande til konfirmasjonen.

I vår sa Per Børge Hillestad opp som prest i Gulen. På siste gudstenesta hans i Brekke takka vi han for godt arbeid, og gav han nokre gåver til minne om oss her.

Det gamle Brekke sokneutval har hatt to møte og handsama 8 saker.

Det siste møtet var felles med det nye sokneutvalet.

I tillegg har vi hatt ein del kontakt på e-post og telefon. Det er sokneutvalet si oppgåve å sette opp kyrkjevertar og klokkarar og kome med forslag til offer.

Olaug Tveit Evensen deltok på års-

møtet i Fjon fjellkyrkje. Friviljug klokkarteneste: Bjarne Tveit, Bodil Bjørlo Takle, Kristin Kjelby, Ragnar Mundal og Olaug Tveit Even- sen. Kristin Kjelby sa opp i løpet av året. Stor takk til henne for arbeidet ho har gjort.

I samarbeid med Brekke bygde- kvinnelag arrangerte Brekke sokne- utval den tradisjonsfesta advents- verkstaden i Risnehall 10. desember, etterfølgd av ei gudsteneste. Eit koseleg arrangement der det var 30 born som deltok.

Sokneutvalet gav også i år ein blome til dei som har mista ein av sine i året som gjekk.

## Gulen sokneutval

v/Åse Haugen

2023 har vore eit hektisk valår for sokneutvalet. Me har hatt 6 sokne- utvalsmøte. Der har me lagt grunn- laget for den lista som var lagd ut til soknerådsvalet 2023. Me har hatt to dugnadsdagar, med vasking inne i kyrkja, rydding utanfor og på grav- plassen. Også i år har me hatt open kyrkje i heile juli. Dette er så kjekt at me får til! Det er flott at me kan dele kyrkjerommet på denne måten med dei som kjem på besøk. Det er hengt opp plakatar med info om kyrkje- rommet. Stor takk til Ingebjørg Søreide, Sigvald Kidøy, Marit Sandal og Irene Mongstad som passa på å opne og stenge kyrkja, og såg til at alt var i orden i kyrkja desse vekene. Takk til organist Peter T. Jobbagy

som arrangerte konsert med sine fami- liemedlemmer, Choung Vu (svoger) og Szemöke Jobbagy (søster) på fiolin. Andre medverkande var Domonkos Jobbagy (son) på piano, i tillegg til Peter på piano og orgel.



Choung Vu er direktør for Vietnamn Music Festival, og er no lærar på Euro Music Festival & Academy. Han har spelt med mange orkester omkring i verda. Szemöke Jobbagy er konsert- meister for Plano symfoniorkester i Texas. Så utruleg flott å få oppleve slike internasjonale musikarar her hjå oss!

Det var også sommarkonsert i kyrkja med Amalie Duesund, fløyte, og Rune Alver, piano.

Flott å få konsertar i kyrkja!

I oktober var det hausttakkefest med utdeling av bøker til 4- og 6-åringar.

Då er det liv og røre i kyrkja!

Den gode praten er viktig, den kjem etter gudstenesta når me samlar oss til kyrkjekaffi.

Det er eit viktig og ikkje minst godt arbeid me i utvalet gjer.

Utan frivillige ville det ikkje gått.



## Mjømna sokneutval

v/Mina Andreassen

**Diverse aktivitetar i Mjømna sokn;** alt stort sett skjedd på dugnad frå frivillige:

- Månadlege eldretreff på Byrknes bu- og omsorgssenter
- Haustfest i Byrknes bedehus med mat, musikk, talar og quiz
- Mandagstreff på bedehuset; her samlast ein flokk damer med handarbeid, sosialt fellesskap og samtale
- Eldretur i samarbeid med Solund sokn og Solund frivilligsentral
- Vi fekk ikkje til ein skikkeleg julekonsert, men vi song jula inn saman med lokale aktørar.

**Kyrkje og gravplass:** Det har vore ein del dugnadsarbeid, men det har vore vanskeleg å få folk til å stille opp på slikt. Dermed har det vore nokre få sjeler frå sokneutvalet som stort sett har stått føre det arbeidet som faktisk har vore gjort.

**I samband med gudstenestene** har ein utført klokkarteneste, og kyrkjevertane har stått for kyrjekaffi.

- Dugnad med diverse vasking og rydding, særleg i samband med høgtider som konfirmasjon og jul
- Dugnad med klipping av busker og rydding på kyrkjegarden
- Strøing/fjerning av snø og is før gudstenester og elles ved tilfeldige besøk på kyrkjegarden
- Pynting av juletreet i kyrkja
- Markering av 8. mai ved minnestøtta for Bjørn West
- Utdeling av olivenkors til konfir-

mantane

- Vi har hatt sporadiske kjøkkenmøte
- Arbeidet med den nye rullestolninggangen er fullført, og det var offisiell opning 25. juni



«Vi syng jula inn», Mjømna kyrkje. Foto: Øystein Skauge

## Kyrkjelydsarbeidet første halvår

v/sokneprest Per Børge Hillestad

Jeg skriver nå disse ordene etter å ha avsluttet min tjeneste i Gulen, men jeg tenker tilbake på tiden, og også første halvår av 2023, som en rik tid.

Som kirke har vi et grunnleggende kall til å være Kristi hender og føtter, og det var ikke bare jeg som opplevde å få lære av menneskene i Gulen sin måte å være nettopp Kristi hender og føtter på. Gudstjenestene kunne til tider være mye besøkt, og til andre tider lite, men bevisstheten og ønsket om å omsette medfølelse, omsorg og kjærighet til praktisk gjerning, ligger høyt i menighetens bevissthet. Det er ikke noe en skal ta for gitt, selv om det er en selvfølgelig del av kirkens aktiviteter. Den kristne troen er sentrert rundt personen Jesus Kristus. Vi tror at han er Guds sønn og verdens frelser. Vi tror at han kom inn i vår verden, ble menneske slik som

oss, og tok del i vår virkelighet for å vise oss hvordan Gud egentlig er: En frelser med nettopp medfølelse, omsorg og kjærighet.

2023 gav kirken i Gulen mange gode møte- og kontaktpunkter. I denne sammenheng vil jeg legge spesielt vekt på dåpen og konfirmantarbeidet.

### **Dåp**

Som de fleste andre kirker tilbød også Gulen mer aktivt enn vanlig egne dåpsgudstjenester i 2023, som vi også gjorde i 2022. Tilbudet har aktivt blitt benyttet, og tilbakemeldinger tyder på at mange er takknemlige for denne muligheten. Dåpen står sterkt i folks bevissthet, og dåpsgudstjenestene opplevdes både som høytidelige, samtidig som de hadde en større grad av involvering i forhold til vanlig høymesse.

### **Konfirmantene**

Vi inviterte konfirmantene til en flott konfirmantleir i Hyllestad i 2022, og denne ble starten på en god relasjonsbygging mellom konfirmantene fra ulike bygder i Gulen, noe vi fikk nytte av i 2023. Tilbakemeldinger tyder på at konfirmantene trives på denne leiren.

Både på Byrknes og i Brekke stilte sokneutvalgene flott opp med tilrettelegging og de nydeligste retter til pizza- og kinokveld. Dette setter vi utrolig stor pris på, og er noe som gir både ledere og ungdommer mulighet til å bygge nye vennskap. Slike pizza- og kinokvelder hadde vi også i Eivindvik og på Dalsøyra.



*Arkivfoto frå ein pizza- og kinokveld i Eivindvik, 2022*

I Brekke hadde vi en flott samling hvor både konfirmanter og foresatte var invitert til bedehuset. Det ble fullt hus!

Vi er også utrolig takknemlige for at Eivindvik ungdomslag gav oss ungdomshuset til fri disposisjon, og det samme med Dalsøyra samfunnshus. Folk og lag og kommunen i Gulen er virkelig rause overfor kirken sin, og det er vi takknemlige for.

Vi reiste till Knarvik for en aktivitetsdag sammen med de andre konfirmantene i Nordhordland. Reiseledere her var Eirik Halsnes og Maren Daae. Her fikk vi oppleve «farmenpresten» Thor Haavik og velge ulike verksteder for fordypning i egne interesser. En givende dag.

De vanlige konfirmasjonssamlingene foregikk på Dalsøyra, og vi er heldige som har med oss nevnte Maren og Eirik i konfirmantteamet. De er begge dyktige ledere og gode til å se konfirmantene.

Vår viktigste oppgave som kirke i Gulen er å gi mennesker muligheten til å bli kjent med Jesus. Vi har et budskap om forsoning mellom Gud

og mennesker. Kort sagt har vi verdens beste nyheter, fra verdens beste oppdragsgiver. Å få være en del av kirken i Gulen har vært et privilegium. Takk til sokneutvalg, stab og frivillige for at dere gjør kirken relevant og så kjekk å være en del av.

## Kyrkjelydsarbeidet andre halvår

*v/fungerande sokneprest Øystein Skauge*

*Frå 1. august 2023 og fram til påske 2024 har pensjonert prest Øystein Skauge fungert som sokneprest i 60 % stilling. Det følgjande avsnittet er ei oppsummering frå hans side av korleis prestenesta er utført, og ei vurdering av dette.*

Eit hovudpoeng å få fram frå mi side, er at å få prestenesta til å fungere fullgodt for ein prest som ikkje bur i bygda og ikkje er i full stilling, er langt frå optimalt.

Eg har i 60 % jobba slik at eg har gjort teneste i to veker, og hatt fri i to veker. I frivekene har det vore naudsynt å utføre ein del oppgåver på heimekontor for å få det heile til å gå i hop. Eg bur i Knarvik og har pendla til og frå Gulen når eg fysisk har måtta vere til stades i kyrkjelydane. Kvar tysdag har eg vore fast på kontoret for samhandling med andre i staben. Elles har eg sjølvstøtt prioritert oppsette gudstenester (ein del søndagar to gudstenester same dag), forutan samtalar med dåpsfamiliar og samtalar med pårørande i samband med gravferder. Eg var også innom

institusjonane ved nokre anledningar, og gjennomførte i adventstida skulegudstenester ved alle skulane (bortsett frå éin), og hadde enkle samlingar i kyrkja med tre barnehagar.



*Ordførar May-Lynn Osland overraska med deltaking på skulegudstenesta i Brekke før jul.*

Konfirmantane har prestane i Solund og Masfjorden delt avsvaret for, men nesten alle konfirmantane har likevel hatt enkle oppgåver i dei fleste av gudstenestene eg har gjennomført. Eg har også delteke på soknerådsmøta og på fellerådsmøta.

I årsstatistikken ser ein at antal fram-møtte på gudstenester har endra seg litt frå året før, men ser ein på antal fram-møtte per gudsteneste, er det ganske stabilt i Mjømna og Brekke, medan det er tilbakegang i Gulen. I Brekke har talet på nattverdgjester gått litt ned, medan i Gulen og Mjømna ser vi derimot at fleire gjekk til nattverd enn året før.

I Mjømna var det ein stor oppgang i det kyrkjelyden gav i offergåver – heile 50 %. Det var også ein oppgang i Brekke på 7 %, mens det i Gulen var ein liten nedgang på 5 %.

Desse statistikktala for gudsteneste-frammøte, nattverdsøking og offer-vilje er alle ein slags temperaturmålar på tilstanden i kyrkjelydslivet.

Totalt sett for dei tre sokna er det mi forsiktede vurdering at det så absolutt står til liv, men likevel at det kunne vore meir kraft og pågangsmot i kyrkjelydane, slik at fleire ville ta del i fellesskapen i kyrkja og dele trua si med andre.

I den samanheng må det peikast på at det er eit veldig dårleg utgangspunkt at prestenesta er så haltande som det må bli når presten bur langt borte og berre er til stades i bygda og i kyrkjelyden på eit minimumsnivå.

Som vikarprest har eg kjent sterkt på dette.

Eg er ikkje glad for å utføre ei teneste som prest som eg innimellom kjenner som «venstrehandsarbeid». Gulen fortener ein prest på full tid som ikkje berre er der som vikar.

Eg er glad for dei eg møtte i Gulen, både staben og ute i kyrkjelydane, men de fortener alle at det kjem ein fast prest til bygda når mitt vikariat er over, ved inngangen til påska 2024.

## **Fellessamlingar og møte gjennom året**

- Kyrkjevevja deltok på leiarkonferansen for kyrkjevevjer i Bergen i mars.

- Kyrkjevergelaget i Nordhordland prosti har møte fysisk eller på teams for å ta opp aktuelle saker.

Prosten deltek som regel på desse

samlingane.

- Kyrkjevevja og leiar i fellesrådet har hatt møte med ordførar og kommunedirektøren i samband med budsjettarbeidet og økonomiplanen.

- Kyrkjevevja og rekneskapsfører har delteke på rekneskapskurs i Bergen.

- Kyrkjevevja har delteke på kyrkjeleiarssamling på Lillestrøm i september.

- I samband med valet var det kurs i Bålen i januar, i forkant av nominasjonsprosessen.

- Det var kurs på kommunehuset for alle valfunksjonærane før valet.

- Kurs for nyvalde sokneråd i Bålen, arrangert av bispedømet.

I tillegg har leiar i Gulen kyrkjelege råd delteke på følgjande møte:

- Teamsmøte 31. januar, val av representantar og vararepresentantar frå sokneråda i Nordhordland prosti til nominasjonskomiteen for val av lekmedlem i Bjørgvin bispedømmeråd.

- Inspirasjonssamling for soknerådsleiarar i St. Jakob kirke 15. april.

- Innsetjing av ny biskop 16. april.

## **Kyrkjer og gravplassar**

**Tilsyn i kyrkjene:** Det har blitt utført branntilsyn i alle tre kyrkjene.

Kyrkjene har brannvarslingssystem som går rett til 110-sentralen.

Innimellom dukkar det opp ein del feilmeldingar. Dei vert sjekka og kvitterte ut. Vi har avtale om 3-årig EL-tilsyn, sist tilsyn var i 2021.

Det er utført eigenkontroll i alle kyrkjene.

## Brekke kyrkje:



*Nymålte kyrkjedører i Brekke. Foto Kåre Krakhella*

Der er installert varmestyring i kyrkja som eit tiltak for å få betre kontroll med oppvarminga, utan at ein må møte opp i kyrkja. I forkant blei det bytt ut nokre gamle panelomnar, særleg var den i prestesakristiet moden for utskifting. Hovuddørene i kyrkja og dørene i bårhuset fekk seg eit etterlengta målingsstrøk, dette arbeidet blei utført på dugnad.

## Brekke gravplass:

Det har vore snakk om at vegen opp til kyrkja og vegen ned og inn på nedre gravplass burde re-asfalterast, og då kommunen heldt på med asfaltering av den kommunale vegen, blei dette gjort. Parkeringsplassen, som berre var gruslagd, fekk også asfalt, det gjer både vedlikehald og parkering enklare framover.

## Oppedal gravplass:

Det er ikkje utført noko ekstra vedlikehald på Oppedal gravplass i løpet av året.

## Gulen kyrkje og gravplass:

Etter dreneringa rundt kyrkja, som blei utført i 2022, er det i 2023 skifta ut rotne bord nedst på kledningen, unnateke mot vest, der det var gjort tidlegare. Takrenner er skifta eller tetta, og med lift kom ein seg opp på takutstikka over sakristia og fekk på plass lause heller. Det som står att i denne omgangen, er vøling av rullestolinngangen, der måtte arbeidet utsetjast til over nyttår.



I prestesakristiet er det eit tilhøyrande rom der det har vore sikringsskap, straummålar og diverse brytarar for lys, men også toalett, varmtvasstank og vask.

Planlagd nødvendig utskifting av sikringsskap etter tilsyn gjorde det nødvendig å gjere dette rommet om til tavlerom, då det var frykteleg trangt og ueigna til å fylle så mange funksjonar. Forarbeidet til utskiftinga blei utført på hausten, men sjølve sikringsskapet blei ikkje montert før i januar 2024. Det er ikkje gjort noko ekstraordinært vedlikehald på gravplassen i 2023.



## Rutle gravplass:



*Utbetring og påfyll av jord på Rutle.*

Opprustninga av denne gravplassen har halde fram i 2023, og oppryddinga av felte tre blei ferdig i løpet av våren. I august blei det fylt på jord, jamna ut holer og lagt på masse langs kanten mot utmarka for å få ei jamnare høgde før oppsetjing av gjerde.

Etter fleire rundar i GKF om kva slags gjerde som måtte opp for å halde hjorten ute, blei det i juli sendt søknad til statsforvaltaren i Vestfold og Telemark v/gravplassforvaltninga om å få setje opp hjortegjerde. Det kom inga tilbakemelding før i januar 2024, dette på grunn av sjukdomsfråver hjå forvaltninga. Håpet er å få opp eit hjortegjerde i løpet av våren 2024, men det viser seg at vi må ha ein plan for planting inntil gjerdet før søknaden kan handsamast og forhåpentlegvis godkjennast.

Klokkestøpulen er vølt, rotne bord er erstatta og ny måling er påført.

## Mjømna kyrkje og gravplass:

Det er ikkje gjort ekstraordinært vedlikehald inne i kyrkja, men det er kjøpt inn nytt skap for oppbevaring av

blant anna messehaklane i prestesakristiet.

Arbeidet med ny rullsstolrampe har teke tid, men ved slutten av året stod det berre att å få på plass nokre rister mellom kyrkja og rampen, og få jamna ut jorda som var avgraven.

Det var innviing av rampen på gudstenesta 25. juni, sjølv om ferdigstett gjenstod.



*Foto: Jan Eirik Baarøy Mjånes*

Dette prosjektet innebar også restaurering av kyrkjetrappa, og som ein ekstra gest hadde entreprenøren laga eit vakkert kors i repoet, noko som er blitt godt motteke.

Tilkomstvegane er blitt asfalterte.

## Borgstova:

Restaureringa av Borgstova, som sannsynlegvis er det eldste huset i Gulen og frå 15-1600-talet, har

endeleg fått eit ansiktsløft!

Ove Losnegård har utarbeida plan og utført arbeidet med restaureringa.



Stova stod heilt nedpå bakken, og det var med stor spenning treverket blei løyst frå for å avdekke roteskadane. Stova er blitt jekka opp slik at kledningen ikkje trekkjer vatn, og med god drenering rundt heile stova blir det tørt og fint.

Vatnet hadde heldigvis ikkje øydelagt bjelkane under golvet, dei var fullt brukbare, det var berre å skifte ut og legge nytt, fint tregolv med breie plankar oppå.

Før nytt golv kom på plass, måtte det til ein grundig nedvask for å få vekk gammal skit, og Nordgulfjorden Grendahus tok den jobben.

Vindauga blei og tekne hand om, og på ettersommaren blei stova måla oppatt, så arbeidet utvendig er ferdig.

Innvendig står ein del att, blant anna må det elektriske skiftast ut med ny straumtilførsel, hjørnet ved eldstaden og delar av langveggene må målast, gammal måling viser på noko av treverket.

## Økonomi

Det vert ført felles rekneskap for Gulen kyrkjelege råd og fellesrådet. Ofringar og gåver gitt i dei ulike kyrkjesokna blir førte under tenesta *Anna kyrkjeleg verksemd*, og det kjem fram kor mykje som er samla inn, kor mykje som går til eige arbeid eller som blir vidare sendt til organisasjonane som er tildelt kyrkjeoffera. Konfirmantane gjekk rundt på dørene med innsamlingsbøssene til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, noko som gav eit svært godt resultat.



I Gulen sokn kom det inn kr 8354,-, i Brekke kr 9296,- og i Mjømna kr 5259,-.

I tillegg kom det inn kr 25.494 på VIPPS, til saman eit svært godt resultat på kr 48.403,-.

Rekneskapan for Gulen kyrkjelege fellestråd er ført på rekneskapsavdelinga i kommunen gjennom tenestekjøpsavtalen. Det er gitt driftstilskot frå kommunen på kr 2.569.100.

I tillegg kjem verdien av tenesteytingsavtalen på kr 677.360, men den har ikkje resultatmessig effekt.

Total yting til drifta frå kommunen er på kr 3.246.460.

Tenestekjøpsavtalen med kommunen inneheldt avtale om rekneskaps-tenester, IKT-tenester, kontorlokale

og tenester frå drifts/vedlikehalds-avdelinga. I løpet av året har alt av IKT-tenester blitt flytta over til Kyrkjepartner. Som del av Kyrkje-rådet sitt satsingsområde på digitalisering, har fellesrådet i overgangen siste halvår fått økonomisk kompensasjon frå Den norske kyrkja. Avtalen med Gulen kommune har ikkje blitt endra i 2023, men i løpet av neste år vil tenestekjøpsavtalen bli gjennomgått og tilpassa.

Det er også søkt om auka løyving på driftsbudsjettet i 2024 for å kompensere for noko auka kostnader for fellesrådet, med høvesvis mindre kostnader på lisensar, støttfunksjonar m.m. for kommunen.

Kyrkjelydsbladet har kome ut med fire nummer, og det blei som tidlegare lagt inn giro i haustutgåva. Gåve-inngangen har vore god, og det kom inn kr 59.550,- i gåver til utgjeving av bladet. Mesteparten av arbeidet blir pr i dag gjort på dugnad, både med oppsett av bladet og med fordeling rundt i postkassane. Overskotet på kr 9574,- vert sett av på fond.

### **Driftsrekneskapen er oppgjort i balanse.**

I driftsbudsjettet til fellesrådet var det lagt inn kr 200.000 frå disposisjonsfondet som er teke inn i rekneskapen.

### **Investeringsrekneskapen er oppgjort i balanse.**

Det er gitt kr 750.000 i tilskot frå Gulen kommune. Mindreforbruket på kr 458.654 frå 2022 er teke inn, det var ubrukne midlar i samband med

løyvinga til Borgstova. Resterande er dekkja med bruk av investeringsfond på kr 312.587.-.

*Eivindvik 27.02.2024*

*Bodil Bjørlo Takle, leiar GKR/GKF  
Ingunn Sognnes, kyrkjeverje*

**Årsmeldinga for Gulen kyrkjelege råd og fellesråd 2023 ligg også inne på heimesida til kyrkja:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)



## **Verdiåret 2024 i Bjørgvin**

*Tekst og foto: Bjørgvin bispedøme*

### **Aktuelle verdiar frå gamal tid**

I 2024 feigar og markerer vi to hendingar som i høg grad har vore med på å endra landet vårt: [1000-årsjubileet for innføringa av Kristenretten på Moster](#) og [750-årsjubileet for Magnus Lagabøte si landslov frå 1274.](#)

I Bjørgvin bispedøme har dette året fått namnet «Verdiåret 2024», året der vi markerer at dei kristne verdiane har vore med på å gjere landet vårt til eit godt land å leve i.

I kyrkjene i Bjørgvin vil verdiåret bli markert på pinsedag, 19. mai.

**Gulen** markerer jubileet på gudstene-  
neste på **Tusenårsstaden Gulatinget**  
**1. pinsedag**, og så blir det ei festguds-  
teneste i **Gulen kyrkje 25. august**,  
med biskopen til stades.

Følg elles med på heimesida og  
facebookside til Tusenårsstaden  
Gulatinget, som òg har jubileums-  
markeringar av ymse slag utover i  
året.



### **Kristenretten 1024**

Under mottoet «Feira fortid – forma  
framtid» vert det markert at det er  
1000 år sidan Olav den Heilage inn-  
førte kristenretten på Moster. Det  
nasjonale jubileet har særleg fokus på  
barn og unge.

Det blir hovudmarkering for alle på  
Moster 29. mai-2. juni 2024.

### **Magnus Lagabøte si landslov 1274**

I 1274 samla Magnus VI «Lagabøte»  
for første gong heile landet under éi  
lov. Biskopen inviterer sjølv til seks  
temakvelder i Bergen domkirke dette  
året.

### **Guds fire døtrer**

Omgrepet «Guds fire døtrer» eller  
«Dei guddommelege systrene» er  
sentralt i Magnus Lagabøtes landslov.  
Det handlar om fire dygder som ved

kvar domsavseiing der lova var uklar,  
skulle bli høyrd for at ein dom kunne  
seiast å vere opplyst og rettferdig:  
Miskunn, rettferd, sanning og fred.



«Guds fire døtrer»

Omgrepet «dei fire systrene» er henta  
frå Salme 85 i Bibelen. *Miskunn* skal  
passe på så ikkje vondskap eller hat  
kjem fram i domen, *sanninga* må bli  
høyrd så ikkje løgn skal få avgjere om  
nokon blir dømd, *rettferda* skal sjå til  
at urett ikkje gjer skade på domen, og  
*fred* skal sjå til at ikkje for harde  
domar blir felte i vreide.

### **TV-serie om hendinga som forandra Noreg**

«Hendelsen som forandret Norge» er  
tittelen på ein ny, underhaldande og  
opplysande miniserie med «Farmen-  
prest» Thor Haavik som programleiar.  
I tre episodar følgjer vi han frå viking-  
tida til vår tid for å sjå på konsekven-  
sane av at landet fekk ei ny retts-  
ordning, kristenretten, på Moster for  
1000 år sidan. Det er laga undervis-  
ningsmateriell for ulike alders-  
grupper knytt til denne serien.

### **Verdiseglas med verdisamtalar**

Verdiseglas 2024 er ei pilegrimsferd i  
fleire etappar langs Kystpilegrimsleia

frå Sokndal/Egersund til Nidaros. Ungdomar deltek i verdisamtalar inspirerte av «Guds fire døtrer» og omgrep som makt, likeverd og demokrati. Samtalane munnar ut i ein del råd for framtida, som blir lagde i Kystpilegrimskista som verdibrev til Nasjonaljubileet Noreg 1000 år og til preses i Den norske kyrkja. Olavselden i jubileumsstafetten fram mot 2030 følgjer seglasen frå start til slutt.

### **Etappar:**

- \* Frå Moster til Bergen og opning av Magnus Lagabøteutstilling 21. mai.
- \* Frå Sokndal/Egersund til jubileums-helga på Moster 1. juni.
- \* Frå Bergen til Gulatinget og vidare til Kinn/Selja til feiring av Seljuman-namesse 1000 år, 6.-8. juli.
- \* Frå Selja til Smøla og vidare til Nidaros 27. juli – til Nasjonaljubileet Noreg 1000 år og Olavsfest.

Les meir om verdiåret 2024 på bispe-dømet si nettside

<http://kyrkja.no/bjorgvin/2024>

## **Hjarteleg takk**

Ei varm takk for all omtanke, helsingar, blomster, kransar og buket-tar som me fekk til heim og bære ved Bjørg Steine sin bortgang.

Tusen takk for gåver til Gulen sjukeheim.

Ei stor takk til Solgul Blomst og prest Øystein Skauge for ei fin gravferd, og til alle som var med oss den dagen i kyrkja og på minnestunda.

*Kai, Jon-Ivar og Randi med familiar*



## **Nytt frå kyrkjelydane**

### **Døypte:**

#### **GULEN SOKN:**

**25.12.23:** Luna Trude Jenny Thorne.

**18.02.24:** Håvard Nese.

#### **BREKKE SOKN:**

**11.02.24:** Emilie Asheim.

#### **MANGER KYRKJE 18.11.23:**

**Vigde:** Kine Mariell Randal og Karl Atle Fjellstad Helland.

**Døyp:** Hennie Randal Helland

### **Døde:**

#### **BREKKE SOKN:**

**15.12.23:** Steinar Henrik Audestad, f. 1955.

**07.02.24:** Olaug Oppedal, f. 1934.

#### **MJØMNA SOKN:**

**20.12.23:** Olga Mjånes, f. 1957.

**02.01.24:** Sigmund Arvid Horne, f. 1936.

**09.01.24:** Ollvar Evin Barvåg, f. 1952.

**16.02.24:** Eli Else Einebærholm, f. 1949.

#### **GULEN SOKN:**

**22.11.23:** Gustav Severin Baarøy, f. 1943.

**24.11.23:** Arne Høyvik, f. 1947.

**30.12.23:** Bjørg Steine, f. 1940.

**07.01.24:** Gunhild Mongstad, f. 1930.

**22.02.24:** Matias Myren, f. 1946.



# Kyrkjekalenderen

**10.03.**, 4. søndag i fastetida:

**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Øystein Skauge. Offer: Misjonsprosjekt Mali.

**Brekke kyrkje kl. 16.00** v/Øystein Skauge. Offer: Blå kors.

**17.03.**: Ikkje gudsteneste.

**24.03.**, Palmesøndag:

**Brekke kyrkje kl. 11.00.** v/Øystein Skauge. Offer: LEVE.

**28.03.**, Skjærtorsdag:

**Byrknes bedehus kl. 11.00** v/Magne Bjørndal. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**29.03.**, Langfredag:

**Gulen kyrkje kl. 18.00** v/Bjørn Magne Hansen. Ikkje offer.

**31.03.**, Påskedag:

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Helge Taranrød. Offer: Søndagsskuleforb.

**Brekke kyrkje kl. 19.00** v/Helge Taranrød. Offer: VAKE. Kveldsmat i Brekke bedehus etter gudstenesta.

**01.04.**, 2. påskedag:

**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Helge Taranrød. Offer: Stiftelsen Barnevakten.

**07.04.** Ikkje gudsteneste.

**14.04.**, 3. søndag i påsketida:

**Gulen kyrkje kl. 11.00.** Offer: Blå kors.

**21.04.**, 4. søndag i påsketida:

**Brekke kyrkje kl. 12.00.** Offer: Maritastiftelsen.

**Mjømna kyrkje kl. 16.30.**

Offer: Norsk Gideon.

**Laurdag 27.04.**: Konfirmasjon:

**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**Laurdag 04.05.**: Konfirmasjon.

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Torbjørn Sæle. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**Onsdag 08.05.**: Frigjeringsdagen.

**Mjømna kyrkje kl. 17.00** v/Helge Taranrød. Offer: Rådet for psykisk helse.

**Laurdag 11.05.**: Konfirmasjon.

**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**19.05.**: 1. Pinsedag:

**Tusenårsstaden Gulatinget kl. 11.00** v/Helge Taranrød. Offer: Sygna VGS.

**20.05.**, 2. pinsedag

**Brekke kyrkje kl. 16.00.** Offer

**26.05.**: Ikkje gudsteneste.

**02.06.**, 2. søndag i treeiningstida:

**Gulen kyrkje kl. 11.00.** Offer: Kirkens Nødhjelp.

**Brekke kyrkje kl. 16.00.** Offer: Misjonsprosjektet i Mali.

**09.06.**: Ikkje gudsteneste

**16.06.**, 4. søndag i treeiningstida:

**Mjømna kyrkje kl. 11.00.** Offer: Misjonsprosjektet i Mali.

**23.06.**, 5. søndag i treeiningstida:

**Gulen kyrkje kl. 11.00.** Offer: Changemaker.

